

Utgreiing av skulestrukturen i Vaksdal kommune

Versjon: Høyringsutkast, desember 2015

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1.	Bakgrunn.....	4
1.2.	Prosess for arbeidet med skulestruktur byggjer på følgjande dokument.....	4
1.3.	Mandat	4
1.4.	Arbeidsgruppe for utgreiing og vurdering.....	4
1.5.	Organisering og framdrift.....	5
1.6.	Involvering i prosessen og omsyn til barnet sitt beste.....	5
1.7.	Høyringsprosess og vidare saksgong.....	6
1.8.	Alternativ som er greia ut.....	6
1.9.	Bakgrunn for vurderingar som er gjort i utgreiinga	7
1.9.1.	Pedagogiske og organisatoriske fokus	7
1.9.2.	Nærmiljø- og folkehelsefokus	11
2.	Vurdering av alternativa.....	14
2.1.	Kort skildring av no-situasjonen med informasjon om elevtal, bemanning, gruppestorleik og nyttegrad	14
2.2.	Alternativ 0A/0B Vidareføring av dagens skulestruktur.....	15
2.2.1.	Tal elevar og klassar	15
2.2.2.	Pedagogiske konsekvensar.....	15
2.2.3.	Samfunnsmessige konsekvensar	16
2.2.4.	Skyss	16
2.2.5.	Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad, alternativ 0A/0B.....	16
2.3.	Alternativ 1 Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale barne- og ungdomsskule.....	18
2.3.1.	Tal elevar og klassar	18
2.3.2.	Pedagogiske konsekvensar.....	18
2.3.3.	Samfunnsmessige konsekvensar	19
2.3.4.	Skyss	19
2.3.5.	Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad	19
2.3.6.	Mogelegheit for gjennomføring	20
2.4.	Alternativ 2 Tre skular – Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule	21
2.4.1.	Tal elevar og klassar	21
2.4.2.	Pedagogiske konsekvensar.....	21

2.4.3.	Samfunnsmessige konsekvensar	22
2.4.4.	Skyss	22
2.4.5.	Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad	22
2.4.6.	Mogelegheit for gjennomføring	23
2.5.	Alternativ 3 1.-10. årssteg på Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule	24
2.5.1.	Tal elevar og grupper.....	24
2.5.2.	Pedagogiske konsekvensar.....	24
2.5.3.	Samfunnsmessige konsekvensar	25
2.5.4.	Skyss	25
2.5.5.	Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad	25
2.5.6.	Mogelegheit for gjennomføring	26
3.	Avsluttande betraktningar	27

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i økonomiplan 2016-2019, sak 46/2015, at rådmannen skal gjennomføre prosess for drøfting av skulestruktur med dei formkrav som ein slik prosess krev. I kommunestyret sak 49/2015 vart det vedteke at rådmannen får fullmakt til å utarbeide forprosjekt for ny barne- og ungdomskule på Dale i tre alternativ. Forprosjektet vil saman med vedlagt rapport og skulefaglege vurderingar inngå i grunnlaget for ny skulestruktur.

Det er utarbeida to dokument som grunnlag for drøfting av skulestruktur; Skulebruksplan 2015-2030 og Utgreiing av skulestruktur. Skulebruksplan 2015 – 2030 er utarbeida av Norconsult i samarbeid med arbeidsgruppa som utgreia skulestruktur. Utgreiing av skulestruktur er utarbeida av arbeidsgruppa og dokumentet byggjer på tal, prognosar og analyser i Skulebruksplan 2015 – 2030 og har ei skulefagleg vurdering. Dokumenta vert sendt på høyring samla.

1.2. Prosess for arbeidet med skulestruktur byggjer på følgjande dokument

- Opplæringslova § 8-1
- Opplæringslova § 9a-6
- Forvaltningsloven § 37
- Rundskriv Udir-2-2012 Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser

1.3. Mandat

Skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggast vekt på. Skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt.

Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.

Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

1.4. Arbeidsgruppe for utgreiing og vurdering

Arbeidsgruppa har vore samansett av kommunalsjef, økonomisjef, einingsleiar skule, einingsleiar samfunnsutvikling og hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet.

Norconsult har vore engasjert som konsulent for utarbeiding av skulebruksplanen 2015-2030. Arbeidet har vore leia av kommunalsjef Oppvekst.

Status for arbeidet har vore lagt fram for Levekårsutvalet jamleg gjennom prosessen.

1.5. Organisering og framdrift

Framdriftsplan for utgreiing av skulestruktur:

Dato/tid	Aktivitet
18.05.15	Sak til Levekårsutvalet – framdriftsplan – oppfølging budsjett - førebuing økonomiplan
05.06.15	Sak til Formannskapet – framdriftsplan – oppfølging budsjett - førebuing økonomiplan
22.06.15	Sak til Kommunestyret – framdriftsplan – oppfølging budsjett - førebuing økonomiplan
Veke 36	Informasjonsmøter FAU og andre partar som saken gjeld om prosess, mandat og tidsfristar
Veke 36	Status Levekårsutvalet
12.10.15	Frist arbeidsgruppa for ferdigstilling av grunnlagsdokument
12.10.15	Status Levekårsutvalet
16.10.15	Start høyring. Grunnlagsdokumentet vert sendt på høyring
Veke	Informasjonsmøter i skulekretsane med aktuelle partar
19.12.15	Høyringsfrist
Veke 3	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Levekårsutvalet
Veke 4	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Formannskapet
Veke 6	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Kommunestyret

Prosesen for drøfting av skulestruktur er gjennomført som skildra med noko justering i framdriftsplanen for å tilpasse oppsette møte i Levekårsutvalet.

Skulestruktur har i stor grad innverknad på elevar, foreldre og lokalsamfunn. Det er difor sær viktig at foreldreutval (FAU), elevråd og tilsette får informasjon så tidleg som mogeleg. Ved at det er ei kort tidsramme for å gjennomføre utgreiingsarbeidet, er involvering og informasjon gjeve ekstra stor merksemd. I lov og forskrift er det ikkje gjeve retningslinjer for kor lang høyringsfristen skal vera i saker om skulestruktur. Det er ein tilrådd høyringsfrist på 2 månadar, men fristen kan gjerast kortare. I denne skildra prosessen er høyringsfristen vel 8 veker.

FAU i alle skulekretsane, ungdomsråd, og dei tilsette har i prosessen med utgreiinga fått informasjon om mandat og framdriftsplan m.m. På denne måten er det sikra best mogeleg informasjon om arbeidet, samt høve for spørsmål og innspel. Spørsmål og innspel som har kome opp har vorte drøfta i arbeidsgruppa undervegs i prosessen.

1.6. Involvering i prosessen og omsyn til barnet sitt beste

Det vil vidare i høyringa verta viktig å få innspel til skulerelaterte forhold som talar for å oppretthalda skulestrukturen som i dag, skulerelaterte forhold som talar for at elevane bør samlast på større skular, lokalsamfunnsperspektivet som talar for å oppretthalda skulestrukturen som i dag og kva vurderingar som er viktig å leggja vekt på når det gjeld barna sitt beste i høve endringa av skulestruktur.

For å oppleve tryggleik og at det er føreseieleg har alle born eit grunnleggjande behov for informasjon og verta lytta til. I FN sin barnekonvensjon er dette ivareteke i artikkel 12 der det står at born som er i stand til å danna seg egne synspunkt har rett til å gje uttrykk for desse i alle forhold som gjeld barnet. Når det gjeld retten til å verta høyrte i rettslege saker eller administrativ sakshandsaming, kan dette skje direkte eller gjennom ein representant eller eit eige organ. Barna sin representant i Vaksdal kommune, einingsleiar barnehage, skal uttale seg i plansaker og skal vera representant i denne høyringssaka. Vaksdal kommune meiner det er viktig at desse behova og

rettighetene vert ivareteke og alle elevråd ved skulane skal høyrast, samt ungdomsrådet. Levekårsutvalet har vore løpande oppdatert i prosessen.

1.7. Høyringsprosess og vidare saksong

Høyringsdokumentet inneheld utgreiinga av skulestruktur i Vaksdal kommune med Skulebruksplan 2015 – 2030.

I høyringsrunden er det krav om at partar som saken gjeld skal høyrast. Utgreiing vil difor verte sendt på høyring til FAU, elevråd, tillitsvalte/tilsette, ungdomsråd, borna sin representant i plansaker og fylkeskommunen.

Idrettslag, musikklag og vellag får tilsendt utgreiinga og vert invitert til å kome med sine innspel. Utgreiinga vert òg lagt ut på kommunen si heimeside og det er fritt for alle interesserte å kome med innspel.

Det skal gjennomførast informasjonsmøte i dei ulike kretsane med skulestruktur som tema. Detaljar kring desse møta vil vert skildra i høyringsbrev og informasjonen skal leggjast ut på kommunen si heimeside.

Etter høyringsfristen er ute, vil alle innspel frå høyringsrunden verta nøye kommentert og vurdert. Rådmannen vil på bakgrunn av ein samla og heilskapleg vurdering leggja fram sak for Kommunestyret med ei tilråding om skulestruktur i kommunen skal vidareførast eller ev. endrast. Kommunestyret skal fatta endeleg vedtak om dette vinteren 2016, jf. framdriftsplanen.

1.8. Alternativ som er greia ut

Alternative løysingar for skulestruktur i Vaksdal er:

Alternativ OA	Vidareføring av dagens skulestruktur (referansealternativ)
Alternativ OB	Vidareføring av dagens skulestruktur med nybygg
Alternativ 1	Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale barne- og ungdomsskule
Alternativ 2	Skule på Vaksdal, Dale og i Eksingedalen
Alternativ 3	Skule på Dale og i Eksingedalen

Det enkelte alternativ er lagt opp med følgjande innhald:

- Kort skildring av no-situasjonen med informasjon om elevtal, bemanning, gruppestorleik og nyttegrad
- Økonomiske konsekvensar for drift med tydeleg gevinst eller meirkostnad
- Pedagogiske konsekvensar for dei ulike alternativa
- Samfunnsmessige konsekvensar for dei ulike alternativa
- Skulebygget sitt utbetnings- og/eller utbyggingsbehov
- Økonomiske konsekvensar for investering

1.9. Bakgrunn for vurderingar som er gjort i utgreiinga

Mandatet til skulen og formålet med opplæringa er mellom anna i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida for elevane.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Skulen er og skal vera ein arena for læring, men samstundes er skulane sentrale samlingsstad for dei ulike lokalsamfunna i Vaksdal kommune.

Vurderingane av dei pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensane i dei ulike alternativa i utgreiinga er ikkje vekta eller prioritert og omfanget er ikkje uttømmende. Det er ynskjeleg med fleire vurderingar gjennom høyringa av dei som saka gjeld.

Skulebruksplan 2015 – 2030 har utdjupe ulike forhold og forskning kring dei pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensane gjennom å setja fokus på pedagogiske, organisatoriske, nærmiljøet og folkehelse. Teksten i punkt 1.9.1 og 1.9.2 er henta frå skulebruksplanen.

1.9.1. Pedagogiske og organisatoriske fokus

Skulestorleik – kan ein skule vere for liten og for stor?

Kvar strukturløysning vil gje den beste grunnlaget for skulen som kunnskapsformidlar og lærande organisasjon, og kva vil vere den beste pedagogiske og organisatoriske løysningen for grunnskulen i Vaksdal kommune på lang sikt?

Elevtalet på kommunenivå har lege stabilt rundt 480 dei siste 5 åra.

Det ligg pr. i dag ikkje føre forskning som direkte av påvise at kvaliteten i læringa er betre eller dårlegare i små kontra store skular. Vurderinga av skulestørrelse, og kva som er «stort» og «lite», varierer sterkt frå land til land og frå region til region. Den offisielle statistikken over opplysningar om grunnskulen i Noreg (GSI) gjev ein peikepinn kva som vurderast som stort eller lite her til lands.

Oversikten under viser samansetning av ulike skulestørrelsar, landet sett under eitt i skuleåret 2014/15:

Elevtall	Antall elever	% av elevane	Antall skoler	% av skolene
0 - 14	763	0,12 %	93	3,22 %
15 - 99	42 906	6,93 %	793	27,48 %
100 - 299	224 107	36,21 %	1 155	40,02 %
300 - 449	213 284	34,46 %	589	20,41 %
450 - 599	105 871	17,10 %	209	7,24 %
600 - 749	23 436	3,79 %	36	1,25 %
750 - 899	8 588	1,39 %	11	0,38 %
Sum	618 955	100,00 %	2 886	100,00 %

Skulestorleik				
over 450	137 895	22,28 %	256	8,87 %
Under 10 elever	318	0,05 %	55	1,91 %
Under 5 elever	34	0,01 %	13	0,45 %

60 prosent av elevane i Noreg går på skular med 100 – 450 elevar. 40 prosent av skulane har eit elevtal mellom 100-300 elevar og dette er den vanlegaste skulestorleiken.

Skular med 15-99 elevar utgjør 27,5 prosent av skulane i Noreg. Nær 7 prosent av elevane i Noreg går på skular som har storleik med 15-99 elevar.

Den nasjonale debatten om betydinga av skulestørrelse for kvaliteten i skulen blussar opp frå tid til annan, også i forskingsmiljøa. Thomas Nordahl (Høgskolen i Hedmark) presenterte i ein kartleggingsundersøking frå 2007 - resultatata om elevar i og frå små og store skular frå ein kommune:

Samandraget frå kartleggingsundersøkinga er attgjeve i si heilheit:

"Sammendrag: Denne rapporten bygger på en kartleggingsundersøkelse blant 9600 elever i grunnskolen. Her har vi analysert elever fra fire små bygdeskoler i en kommune og senere identifisert elever fra disse små skolene når de går på en større ungdomsskole der de kommer sammen med andre elever fra større barneskoler. I dataanalysene har vi sett på elevenes skolefaglige prestasjoner, sosiale ferdigheter, atferdsproblemer, relasjoner til medelever, relasjoner til lærere, arbeidsinnsats og opplevelse av undervisningen. Resultatene viser at elever fra de små skolene skårer systematisk dårligere enn de øvrige elevene."

Større skular, og større elev- og fagmiljø kan ha fordeler innan:

- Auka robustheit, mindre sårbar og meir fleksibel.
- Felles og betre kompetanseutvikling
- Utvikle pedagogisk fagkompetanse

«Gangs menneskje» i alle skulestorleikar – læraren er truleg viktigaste faktor for kvaliteten

Det forskinga syner er at «den gode læraren» er sentral for læringskvaliteten. Kompetansen og kvaliteten på lærarane er avgjerande for læringsmiljøet til den einskilde skule – uavhengig av skulestorleik.

Siv Stavem (Høgskolen i Nesna, Nordland – tilsvar i Rana Blad 2005)

«Når det gjelder det faglige tilbudet ved små skoler, er det lite entydige resultater å vise til. De små skolene synes ikke å ha dårligere læringsresultater, men heller ikke bedre læringsresultater enn de store skolene. Ulike forskningsresultater viser kun marginale forskjeller mellom store og små skoler, og forskjellene er tidvis til fordel for de store, og tidvis til fordel for de små skolene.

Når det gjelder det sosiale tilbudet er det heller ikke her klare og entydige resultater å vise til. Barnets sosiale utvikling er sammensatt av så mange faktorer at det kan være vanskelig å vurdere hva som er den beste løsningen. Ved små skoler ligger det bedre til rette for variert samspill mellom barn i ulike aldre enn det gjør ved store skoler. Dette kan man se som en fordel fordi det i utgangspunktet bidrar til å fremme sosial læring. På den annen side kan man se det som en ulempe fordi barna faktisk ikke har noe valg, men har samspill med barn i ulike aldre fordi det faktisk ikke finnes noen jevnaldrende i mils omkrets. Jevnaldersosialisering vil derfor i større eller mindre grad falle bort for en del barn ved de minste skolene».

Små skular er viktige i mindre bygder

Forsking frå Nordland (Solstad 2006) samt ein doktorgradsavhandling frå Høgskulen i Volda (Kvalsund 1995) konkluderer med at små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn fordi det er mange lokale aktivitetar knytt til skulen. Små skular i bygdesamfunn har potensialet i seg sjølv til å skape læringsaktivitetar som er godt forankra i lokalbefolkninga, lokal natur og lokalt næringsliv, og der igjennom tilpasse opplæringa på ein god måte.

Kvalsund dokumenterer i sin doktoravhandling frå 1995 rikdommen i mangfaldet av sosialisering ved

små skuler, og pekte på fordelar i sosial læring. Til tross for ein generell tilfredsheit ved dei små skulane si evne til å bidra til elevane si sosialisering er det grunn til å vektleggje den sårbarheit som ligg i eit lite miljø. Ein finn einsame barn og vaksne både i tettbygde og i spredtbygde strok, men i tettbygde strok har ein som regel moglegheit for å finne ein erstatning dersom ein skulle kome i ein konfliktsituasjon med sitt etablerte miljø.

Det er grunn til å trekke opp et skilje mellom sosialt og fagleg miljø for både elevar og lærarar. Det er også vesentleg å understreke at ein stor skule ikkje automatisk gjev eit stort fagmiljø. Til dømes vil ein 1-10 skule med mindre enn 2 parallelle klassar på kvart steg ha eit relativt lite fagmiljø på ungdomssteget samanlikna med store ungdomsskular.

Skulehistorikar Alfred Oftedal Telhaug framhevar gjerne problema som oppstår når skulen er i eit lite miljø. I eit intervju med Vårt Land understreka han at dagens barn treng ein skule som kan vise eit allsidig omsorgsansvar, og at dette er mykje lettare å få til i eit større pedagogisk miljø (Sødal, 1996a). Få elevar ved ein skule og stor aldersforskjell mellom dei kan ikkje gje kvarandre tilstrekkelege sosiale utfordringar, og grendeskuleelevane blir difor i mindre grad rusta til å takle uoversiktlige sosiale situasjonar med mange aktørar. Telhaug eksemplifiserer dette ved at ein handfull elevar ikkje kan stable på beina eit fotballag, ein skulerevy eller eit blanda kor. Nye læreplaner still også store krav til fagkunnskap som er vanskelag for ein enkelt lærar å dekkje.

I eit debattinnlegg i Norsk Skoleblad nr. 10/1997 peika Karl Jan Solstad på positive og negative sider ved fådelte skular slik:

«Men, sjølvsagt, dei aller minste skolane med 10-12 elevar eller mindre, er i og for seg ikkje ønskjelege, verken økonomisk, fagleg eller sosialt. Dei har sin legitimitet fordi alternativet er verre, nemleg urimeleg krevjande skyss eller innhysing heimanfrå».

Det finnes ingen tydeleg forskning eller tilgjengelige nasjonale data som seier noko om samanhengen mellom skulestørrelse og samarbeid skule-heim. Med bakgrunn i forskinga finnast det ikkje belegg for å seie at små bygdeskuler gjev noko betre moglegheiter for godt samspel mellom skule og lokalsamfunn og for å integrere lokalsamfunnet i skulens læringsaktivitetar. Den norske forskinga på dette området har i stor grad omhandla skular med mindre enn 50 elevar.

Oppvekstsenter / oppveksttun som løysing for fådelte skular

Eit oppvekstsenter organiserer til vanleg barnehage og skule med felles leiging, kor målet er fellesskap og heilskapleg tenking rundt barnas kompetanse og vilkår.

Ein av fordelane med eit oppvekstsenter er at ein kan auke og redusere kapasiteten etter behov. Dette har vist seg å vera ein god og lønnsam måte å etablere barnehageplasser på, og samtidig betre bruken av det tilgjengelige skulearealet. Hovudmålet med oppvekstsentermodellen har vore å oppnå organisatoriske og pedagogiske vinning som:

- Heilskapleg oppveksttenking
- Pedagogisk nytenking
- Sambruk av lokalar og uteområde
- Felles administrasjon og personale
- Organisasjonsutvikling
- Felles ressursutnytting når det gjeld kompetanse og økonomi

Forskinga som er gjennomført på dette feltet og erfaringar frå Trondheim tilseier at det ideelle talet på barn i barnehaga er 60 til 80 barn, og der planløyisinga er lagt til rette med fleksible areal. Barnehagar med denne storleiken stettar barnas behov og er ein stimulerande arbeidsplass der personalet gjev barna i fokus.

Skular for 1.-4. steg

Dei mest vanlege grunnskuleslaga i Noreg er barneskule (1-7), ungdomsskule (8-10) og kombinertskule (1-10). I tillegg finst det eit mindre tal på skular med berre 1.-4. årstrinn. Skuleåret 2014/15 var 2,4% av grunnskulane i Noreg 1-4-skular (70 skular).

Det kan vere fleire og samansette årsaker til at kommunar vel å etablere eller vidareføre skular for berre dei yngste elevane. Ofte er det slik at skuleeigar ønskjer å sikre at dei yngste elevane skal få gå på skule i nærmiljøet. Det kan opplevast som ei trygg løysning for dei yngste elevane, og dei får i tillegg kort skuleveg.

Når fådelte skular som vert redusert til 1-4-skule, vert eit allereie lågt elevtal nesten halvert. Avhengig av samla elevtal vil ein fådelt skule stå igjen med 2-3 klassar, noko som er lite både i fagleg og sosial samanheng. Færre lærarar på skulen fører samtidig til redusert fagkompetanse og eit mindre attraktivt arbeidsmiljø for lærarane.

I eit pedagogisk perspektiv er det vanskeleg å finne gode argument for ei slik organisering av fådelte skular. I eit økonomisk perspektiv vil det vere mogleg å effektivisere noko på kommunenivå dersom samanslåing av klassar på 5.-7.trinn samla sett fører til redusert klassetal. På ein annan side må rektorfunksjonar på alle skulane vidareførast. Alle skulebygga med vedlikehald- og FDV-kostnader vert og vidareført. Samla sett gjev er slik omorganisering difor relativt lite innsparing.

Alternativ 2 i denne planen er basert på at elevane på 5.-7. trinn på skulane Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vert flytta til Dale barne- og ungdomsskule, medan elevane på 1.-4.trinn får halde fram på dei same skulane.

Vaksdal kommune må vurdere om ei omorganisering av skulane i tråd med alternativ 2 vil gje tenelege størrelsar på skular og klassar.

Fagmiljø, rekruttering og kompetanseutvikling

Store pedagogiske fagmiljø vil ha føremoner innan samarbeid, kompetanseoverføring og rekruttering. Små pedagogiske einingar vil ikkje ha same føresetnader for organisasjonsutvikling, fleksibilitet og samarbeid på tvers. Kravet til fagspesialisering i skulen aukar. Ved små skular må fleire pedagogar kunne litt om mykje. I store pedagogiske miljø vil ein ha betre høve for fagleg fordjuping og oppfølging i alle fag.

1.9.2. Nærmiljø- og folkehelsefokus

Skulane som kommunen sin forlengta arm i nærmiljøa og lokalsamfunna

Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert ofte vurdert som ein sentral føresetnad for ein inkluderande skule. Skulane er eit samlingspunkt og fysisk base for aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skulane er difor sentrale institusjonar i sine lokalmiljø. Mange har eit nært og personleg forhold til skulen – og mange opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen uavhengig av elevtalsutviklinga. Det er som oftast dei minste skulane med dei høgaste elevkostnadane som er mest utsett i samband med eventuelle endringar av skulane sine inntaksområder. Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert av mange vurdert som kvalitetsindikatorar for ein inkluderande skule. Det er difor viktig at ein eventuell strukturendring tek omsyn til dei funksjonane skuleanlegget har i bygda forutan å vera skule.

Skulane er samstundes offentlege arbeidsplassar som er med på å tilføre aktivitet og attraktivitet til dei stadane skulane er etablert. Strukturlysingar som inneberer at skulen vert føreslege lagt ned, vert difor opplevd som utelukkande negativt for nærmiljøa – sjølv om elevane vert overført til skular av ein mykje høgare fysisk bygningsmessig kvalitet og standard.

Ein skule åleine kan ikkje sikre berekraftig utvikling av dei einskilde nærmiljøa eller grendene. Tap av arbeidsplassar og fråflytting skjer uavhengig av den kommunale skuledrifta. Det er summen av offentlege og private nærings- og samfunnsstrategiar som er hovudgrunlaget for å etablere livskraftige lokalsamfunn. Dei kommunale tenestene bør som hovudregel utviklast der kor behova er størst.

Eventuell etterbruk / avhending av einskilde skuleanlegg

I kommunestyret sine utvalte strukturelysingar, er det alternativ som inneberer at elevar vert overførte til andre skulekrinsar. Ei eventuell avhending av skuleanlegg til andre føremål, vert fremja som eigne saker til kommunestyret.

Skulebruksplanen 2015 - 2030 tek utgangspunkt i at dei skuleanlegga som i framtida ikkje skal nyttast til grunnskuleføremål, vert som hovudregel fasa ut som kommunalt drivne bygg. Saker om eventuell etterbruk av nedlagde skular, vil vurdere løysingar som stimulerer til nærmiljøaktivitetar, idretts- og kulturføremål, borne- og ungdomsaktivitetar og frivillig lagsarbeid. Andre kommunale føremål vert også vurderte i denne prosessen.

Aldersblanding som læringssystem

Anita Berg-Olsen (Høgskolen i Nesna) har studert tre små aldersblanda skular for å synleggjera korleis aldersblanding fungerer og praktiserast som læringsstrategi og læringsverksemd. Resultata frå casestudien syner at små skular fungerer eit naturleg læringsfellesskap gjennom varierte relasjonar og læringsformer i spesifikke lærings situasjonar. Aldersblanding vert meir eit læringssystem enn ein konkret arbeidsmetode.

I små skulemiljø er det moglegheiter for heilskapleg læring og identitetsutvikling (Anita Berg-Olsen si dr.gradsavhandling). Det er pedagogiske fordelar med ulike alderssteg i same gruppe: "Dei eldste elevane får prøve det å vere ressurspersonen og oppnår auke i sjølvmedvit og personleg tryggleik.

Dei får fagleg repetisjon ved å undervise andre, stille spørsmål og gjennomgå for dei yngste, som på si side får ein "lærer" som ligg nær dei i alder og er lett å identifisere seg med." (S. 45 i Nærmiljøpedagogikk, red.: Kristoffer Melheim, 2009).

Skuleskyss og reisetid

Barneombodet har sagt dette om skuleskyss:

I NOU 1995:18 blir retten til skuleskyss omtala. Her viser ein til rettleiinga frå Kirke- og undervisningsdepartementet i heftet N-4/85 om anbefalt tidsbruk til reise- og ventetid ved skuleskyss.

Det dåverande Kirke- og undervisningsdepartementet (noverande Kunnskapsdepartementet) skriv følgjande:

Ved praktiseringen av grunnskoleloven har Kirke- og undervisningsdepartementet anbefalt følgende når det gjelder akseptabel tid underveis (reisetid + gangtid + ventetid én vei):

For 1.-3. klasse: inntil 45 minutter

For 4.-6. klasse: inntil 60 minutter

For 7.-9. klasse: inntil 75 minutter

Dette heftet er no trekt tilbake. Barneombodet meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om anbefalinga var i overkant av kva som er det beste for barnet. Reisetid som overstig det som i si tid vart anbefalt, vil etter vår meining vere i strid med kva som er det beste for barnet. Særlig gjeld det for dei yngste elevane og funksjonshemma elevar. Når ein skal vurdere kva som er det beste for barnet, må ein i tillegg til tida ta andre omsyn, som standarden og kvaliteten på vegen, og servicenivået på skulebussen.

Læringsutbytte og skulemiljø

Når reisevegen blir for lang, kan det gå ut over retten elevane har på eit godt skulemiljø. Vi viser til opplæringslova kapittel 9a. Elevar som er slitne etter reisa, eller gruar seg til reisa, kan også få et redusert læringsutbyttet. Dersom lang skyss på dårlege vegar med dårlege transportmiddel går ut over læringsmiljøet, kan den i tillegg vere i strid med opplæringslova. Å vere lang tid utan tilsyn på skuleskyssen, kan også gi risiko for auka mobbing. Dette er skulen sitt ansvar. Utdanningsdirektoratet har i Rundskriv nr 2-2010 presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld på skulevegen.

Retten til leik og fritid

Når eleva brukar lang tid på skuleskyss, så vil det bli mindre tid til leik, kvile og fritidsaktivitetar. Dette er ein rett som er heimla i Barnekonvensjonen artikkel 31. Lang reiseveg til skulen kan gå ut over denne retten.

Reisetida:

Stamnes -	Dale	21 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal -	Dale	20 minutt (Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle -	Dale	7 minutt (Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet -	Bergo	50 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet -	Dale	44 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet -	Stamnes	23 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet -	Mo	40 minutt (Rute 911, www.skyss.no) skuleskyss via Vettlejord som no

Det kan vurderast om einskilde elevar – ved ei overføring til Dale barne og ungdomsskule – bør ha sikringsskyss fram til felles haldeplass eller om kjem dei inn under reglane for farleg skuleskyss.

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve skuleskyss:

«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Ved ei eventuell endring av skulestrukturen i Vaksdal, der ny Dale BU blir sentralskule i kommunen, vil alle elevane frå dei andre skulekrinsane ha rett på skuleskyss. Dei fleste elevane vil få E16 som skuleveg. Nokon elevar vil kome på skulebussen langs fylkesveg 569.

«Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar som har tett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, [...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, [...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskuleelevar.»

Merknad frå Ot.prp. nr. 46 (1997/1998) til § 7-1 i opplæringslova:

«Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.»

I reisetida skal gangtid, ventetid og reisetid frå heimen til skulen eller dør til dør målast. Det er kommunen som vurderer om skulevegen er farleg eller ikkje.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grenser for kva som er akseptabel reisetid – og det er opp til Vaksdal kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal reisetid – ein veg – lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet, 60 minutt for elevar på mellomsteget og 75 minutt for elevar på ungdomssteget. Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane.

Vurderingane av dei pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensane i dei ulike alternativa til skulestruktur i Vaksdal tek utgangspunkt i desse fokusområda. Vurderingane er ikkje vekta eller prioritert og omfanget er ikkje uttømmende. Dette er forkusområder som er naturlege å kome med innspel til i høyringsprosessen.

2. Vurdering av alternativa

2.1.Kort skildring av no-situasjonen med informasjon om elevtal, bemanning, gruppestorleik og nyttegrad

Informasjon om og prognose/elevtalsframskriving ved den enkelte skule i høve elevtal, gruppestorleik og analyse med kapasitetsvurdering/nyttegrad vert grundig skildra i Skulebruksplan 2015 -2030, kapittel 2 og 3. Vidare i denne utgreiinga vert det brukt talmateriale og analysar frå Skulebruksplan 2015 – 2030.

Kostnadar som er lagt til grunn i utgreiinga er basert på utrekningar i Skulebruksplanen 2015 – 2030. Kostnadane til sjølvje undervisningsdrifta ved kommunen sine grunnskular er eitt uttrekk frå rekneskapen til grunnskuleføremål i 2014 (ekskl. spesialundervisning). I tillegg er utgifter til skyss teke med, då kostnaden vil variere mellom dei ulike alternativa.

Elevtal i skulane 2012 -2014 (GSI) og prognose for skuleåret 2019-2020 (*ekskl. elevar frå Eidslandet, dei er registrert i GSI Modalen kommune*)

Skuleår	2012-13	2013-14	2014-15	2019-20
Elevtal	467	465	458	498

Årsverk til ordinær undervisning (ekskl. spesialundervisning) utført av undervisningspersonale 2012- 2015 (GSI) og prognose 2019:

Skuleår	2012-13	2013-14	2014-15	2019-20
Årsverk	44,45	40,75	38,78	29,28

Økonomiplan 2016 – 2019 føreset at å redusera rammene til oppvekst med kr 5 925 000 i perioden 2015 – 2019. Denne reduksjonen utgjer omlag 9,5 undervisningsårsverk, rekna ut frå ei gjennomsnittleg årsløn for lærarar i Vaksdal pr. 2014.

Tabellen under viser lønskostnadar til ordinær undervisning og skyssutgifter for dei fire alternativa i perioden 2015 – 2030 og er basert på rekneskapstal for 2014, jf. Skulebruksplan 2015-2030.

	Alternativ 0A/0B	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 3
Vaksdal skule	163 mill	109,5 mill	163 mill	42,7 mill
Stanghelle skule	102,8 mill	69,5 mill	26,7 mill	26,7 mill
Dale barne- og ungdomsskule	361 mill	415,4 mill	440,8 mill	489,7 mill
Stamnes skule	64,1 mill	50,8 mill	16 mill	16 mill
Eksingedalen skule	42,7 mill	42,7 mill	42,7 mill	42,7 mill
Eidslandet	25,5 mill	6,8 mill	6,8 mill	6,8 mill
Skyss	21,4 mill	30,6 mill	30,6 mill	40,2 mill
Totalt 2015 - 2030	780,5 mill	725,3 mill	726,6 mill	664,8 mill
Differanse til alternativ 0A/0B		55,2 mill	53,9 mill	115,7 mill
Årleg innsparingspotensiale		3,5 mill	3,4 mill	7,2 mill

2.2. Alternativ 0A/0B Vidareføring av dagens skulestruktur

Alternativ 0A/0B er det reelle alternativet til skulestruktur viss vedtaket i kommunestyret ikkje inneber endring i skulestruktur. Dei tre andre alternativa vil vidare verta vurdert opp mot alternativ 0.

Alternativ 0A/0B er basert på at skulane vert vidareført med Dale barne- og ungdomsskule, Eksingedalen skule, Stamnes skule, Stanghelle skule, Vaksdal skule og elevane frå Eidsland krins får skuleplass i Modalen kommune som i dag.

I alternativ 0A ligg det til grunn at skulebygga ved Dale barne og ungdomsskule og Vaksdal skule vert rehabilitert og rusta opp i samsvar med tiltaksplan etter tilstandsvurdering (Norconsult 2015).

I alternativ 0B ligg det til grunn at Dale barne- og ungdomsskule vert tilrådd sanert og bygt opp som heilt ny skule. Ved Vaksdal skule vert paviljong/SFO-bygg rive og erstatta med tilbygg på hovudbygget. Hovudbygget vert rehabilitert og rusta opp i samsvar med tiltaksplan etter tilstandsvurdering (Norconsult 2015).

I høve tal elevar, klassar, skyss og andre faktorar gjeldande drift av undervisning vert det same datagrunnlaget lagt til grunn i begge 0-alternativa.

2.2.1. Tal elevar og klassar

Prognosen viser at elevtalet vil gå noko opp i perioden. Det vil vera Stanghelle, Dale og Vaksdal skular som får veksten. Tal grupper/klassar vil òg auka i forhold til 2014 som er grunnlagsåret for denne utgreiinga. I 2014 var det 26 grupper/klassar.

Tabellen under viser utrekna tal klassar ut frå elevprognosen og elevkapasitet (tal elevar skulen har fysisk plass til) ved den enkelte skule for utvalte år – alternativ 0A/0B:

Skule / skuleår	Elevar i skulen					Elev-kapasitet i skulebygg	Prognose tal grupper/klassar				
	2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031		2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031
Vaksdal	135	115	133	134	148	150	8	8	7	7	8
Stanghelle	75	81	78	79	71	120-130	5	4	5	4	4
Dale	215	263	244	227	242	330	11	12	12	12	12
Stamnes	38	37	36	36	40	50-55	3	3	3	3	3
Eksingedalen	9	14	14	18	15	30	2	2	2	2	2
Eidslandet	16	12	12	14	12		Mo skule	Mo skule	Mo skule	Mo skule	Mo skule
Totalt	488	522	517	508	528	680 - 695	29	29	29	28	29

2.2.2. Pedagogiske konsekvensar

Ved å oppretthalde skulestrukturen slik den er i dag vil skulane i Vaksdal ha vanskar med å møte krava til kvaliteten som er uttrykt ynskjeleg for elevane. Reduksjonen i undervisningsårsverk vil føre til vanskar med å kunne gje tilpassa opplæring, tidleg innsats og spesialundervisning på ein forsvarleg måte. Det vil ikkje vera mogeleg å setje inn timar til deling av grupper i kjernefag som norsk, engelsk og matematikk og heller ikkje i undervisning i praktisk-estetiske fag som musikk, kunst- og handverk og mat og helse der det er ekstra utfordrande å gjennomføre undervisning med store elevgrupper.

På Stanghelle og Dale skular vil det verta utfordringar med storleiken på klasseromma når fleire årsklassar går saman. Fleire klasserom har berre kapasitet til 20 – 23 elevar, og prognosen viser at ein kan forvente samanslåtte årsklassar som utgjer fleire elevar enn dette.

Det er dei seinare åra kome auka kompetansekrav for lærarane for å undervise i ulike fag. Ved å redusera tal lærarar på skulane kan det bety mangel på kompetanse for å undervise i ulike fag på den enkelte skule.

2.2.3. Samfunnsmessige konsekvensar

Skulane er sentrale samlingsstader som sikrar nærleik og identitet i sine bygder.

Ved å oppretthalda skulestrukturen slik den er i dag vil elevane i fem av krinsane gå på skule i nærmiljøet med kort veg til skulen. Det kan opplevast trygt, særleg for dei minste borna, å vera knytt til ein skule i heimbygda. Born i 1. – 4. klasse vil kunne nytte SFO-tilbod nær heimen og dette er ein fordel for foreldre i høve å levera og hente borna.

Skulen er òg eit naturleg møtepunkt i bygdene med ulike aktivitetar og arrangement i regi av frivillige organisasjonar som idrettslag, musikklag og vellag. Dette vil kunne halde fram med ved å oppretthalde skulen i bygda.

Eidslandet krins vil med skuleplassar i Modalen framleis ha skuleskyss til Modalen. Bygda nyttar i dag andre lokaliteter enn skulen som samlingsstad.

2.2.4. Skyss

Ved vidareføring av dagens skulestruktur vil det vera elevar ved ungdomstrinnet på Dale barne- og ungdomsskule, Eksingedalen skule, Stamnes skule og Eidsland krins som vil ha behov for skuleskyss. Skysskostnadar for 2014 var kr. 1,34 mill. Ved vidareføring av skulestrukturen som i dag vil samla kostnad for perioden 2015 – 2030 vera kr. 21,4 mill.

Reisetida:

Stamnes - Dale	21 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal – Dale	20 minutt (Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle – Dale	7 minutt (Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet – Mo	40 minutt (Rute 911, www.skyss.no) <i>skuleskyss via Vettlejord</i>

Reisetidene er akseptable ut frå det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare la til grunn som akseptabel tid undervegs.

2.2.5. Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad, alternativ 0A/0B

Det er ut frå prognosane forventa auke i tal klassar slik skulestrukturen er i dag. Dette på grunn av litt større årskull enkelte år på enkelte skular, som utløyser deling av grupper. Ved Dale og Stanghelle skule har ein òg utfordringar med store samanslåtte klassar som vert for store i høve størrelsen på klasseromma og difor må delast.

Budsjettåret 2014 var det 26 klassar i skulane i Vaksdal. Prognosen viser at det vil vera ei auke med 2-3 klassar i åra framover. Auka vil skje på barnestega på Dale, Vaksdal og Stanghelle skular. Skulane i Vaksdal nytta i 2014 kr. 1,34 mill. i snitt pr. klasse på barnesteget (Skulebruksplan 2015-2030, s. 41). Det vil seie at ei auke med 2-3 klassar vil ha ein meirkostnad på kr. 2,68 – 4,02 mill. i året basert på 2014-kostnader. Inkludert i kostnaden pr. klasse er det timar til deling av samanslåtte klassar slik delingstimetale var i 2014.

Det har tidlegare vore lagt til rette for deling av samanslåtte klassar i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk på barnetrinnet. Deling av samanslåtte klassar vart redusert i 2014. Viss skulane skal oppretthalda deling i inntil 10 timar pr. årstrinn ville dette utgjera ca. 40 timar enn det skulane hadde i 2014. Det utgjer om lag kr. 945 000 basert på ei gjennomsnittsløn for ein lærar i Vaksdal. Når det gjeld ungdomstrinnet ved Dale barne- og ungdomsskule kan ein vidareføre drifta framover som i 2014 med 2 klassar på kvart årstrinn.

Vaksdal kommune og Modalen kommune har avtale om kjøp av skuleplassar for elevane i Eidsland krins ved Mo skule. Avtalen er basert på gjesteelevavtale for kommunane i Hordaland. Inneverande skuleår er satsen kr. 91.000,- pr. elev. Satsane i gjesteelevsavtalen vert indeksregulert annakvart år.

Kostnad til spesialundervisning er ikkje teke med i utgreiinga. Dette fordi denne kostnaden i stor grad følj og justera seg prosentvis etter samla årstimar til undervisning på skulane. I 2014 brukte skulane i Vaksdal om lag 17 % av årstimetale til spesialundervisning. *Dette er same nivå som landet elles.*

For å kunne vidareføre drift av 5 skular vil dei økonomiske konsekvensane vera å auke budsjettet til undervisning i forhold til budsjettåret 2014.

I alternativ 0 har vi greia ut eitt 0A og eitt 0B alternativ. Dette for å skilje kostnader til FDV og investeringar når det gjeld å forholdet mellom å rehabilitera Dale barne- og ungdomsskule eller bygge ny Dale barne- og ungdomsskule.

Driftskostnader tufta på anbefalt FDV-nivå i eigedomsstrategien 2020 for Vaksdal kommune viser følgjande for alternativ 0A og alternativ 0B:

Alternativ 0B	I dag - pr år	Auke opp til Alt. 0A pr år	Alt. 0A	Alt. 0B	Endring	Endring pr år 2015-2030	Endring pr år 2019-2030
Undervisning inkl kjøp av skuleplassar	47,4	0,0	759,1	759,1	0,0	0,0	0,0
Skyss	1,3	0,0	21,4	21,4	0,0	0,0	0,0
FDV-kostnader	7,1	7,3	229,2	185,7	-43,4	-2,7	-3,6
Kapitalkostnad	0,0	13,6	217,4	169,1	-48,3	-3,0	-4,0
Sum	55,8	20,9	1 227,1	1 135,3	-91,7	-5,7	-7,6

Kostnader til FDV og investering i forhold til utbetnings- og/eller utbyggingsbehov for skulebygga er grundig greia ut i Skulebruksplan 2015 – 2030.

2.3. Alternativ 1 Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale barne- og ungdomsskule

Alternativ 1 er basert på at alle skulane vert vidareført, men at Dale barne- og ungdomsskule vert felles skule for 5.-10. årssteg for alle elevane utanom ved Eksingedalen skule. Skulane på Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vert vidareført som 1 – 4 - skular. Her vert Stamnes og Stanghelle fådelt, medan Vaksdal vert fulldelt. Eidsland krins vert overført til Eksingedalen skule, ev. Stamnes skule og Dale barne- og ungdomsskule.

2.3.1. Tal elevar og klassar

I alternativ 1 vil tal grupper/klassar gå noko ned. Prognosen visar at reduksjonen varierer med ein nedgang på 1-4 grupper/klassar i perioden 2015 – 2030.

Tabellen under viser utrekna tal klassar ut frå elevprognosen og elevkapasitet (tal elevar skulen har fysisk plass til) ved den enkelte skule for utvalte år – alternativ 1:

Skule / skuleår	Elevar i skulen					Elev-kapasitet i skulebygg	Prognose tal grupper/klassar				
	2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031		2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031
Vaksdal	135	59	82	76	89	150	8	4	4	4	5
Stanghelle	75	45	46	45	42	120-130	5	2	3	2	2
Dale	215	381	344	339	356	330	11	17	16	15	15
Stamnes	38	19	27	26	22	50-55	3	2	3	2	2
Eksingedalen	9	18	18	22	19	30	2	2	2	2	2
Eidslandet	16	0	0	0	0		Mo skule	0	0	0	0
Totalt	488	522	517	508	528	680 - 695	29	27	28	25	26

2.3.2. Pedagogiske konsekvensar

Ved å samle elevane frå 5. – 7. årstrinn ved ein skule på Dale vil ein få større mogelegheit til å betra kvaliteten på ordinær undervisning, tilpassa opplæring, opplæring av språklege minoritetar og spesialundervisning. Fleire elevar på ein skule vil føre til fleire lærarar på skulen. Dette vil gjera fagmiljøet meir fleksibelt og robust. Større grad av samarbeid, felles kompetanseutvikling og større breidde i fagkompetanse er positivt for personalet. I høve språklege minoritetar og elevar med særskilde behov vil det vera ein fordel å samla kompetansen på ein skule for å betra kvaliteten på undervisninga og oppfølginga av den enkelte elevane. Dette er sårbare elevgruppe som treng ekstra oppfølging.

Ved å samle elevar frå 5. -10. årssteg vil ein opna for mogelegheit til sambruk av spesialrom/ fagrom som naturfagsareal, kunst- og handverksareal mm. som er ein del av romnormen for ungdomsskular Kan gje utvida sosiale nettverk for elevane på 5. – 7. årstrinn.

Elevane på 1. – 4. årstrinn får i dette alternativet halde fram på skule i nærmiljøet. Dette kan opplevast trygt for elevane. Når det gjeld fagmiljøet for lærarane vil det verta lite og meir sårbart for dei lærarane som er igjen på trinn 1. – 4. ved Stamnes, Stanghelle og Vaksdal skular. Auka kompetansekrav for læraren kan gje mangel på kompetanse på skulane og Vaksdal, Stanghelle og Stamnes skular kan stå fram som lite attraktive arbeidsplassar for lærarar og skuleleiarar

2.3.3. Samfunnsmessige konsekvensar

I dette alternativet vil det fortsatt vera eit skuletilbod på Vaksdal, Stanghelle og Stamnes, då med berre elevar frå 1. – 4. årssteg. Dei yngste elevane vil då kunne gå på skule i nærmiljøet med kort veg til skulen. Det kan opplevast trygt, særleg for dei minste borna, å vera knytt til ein skule i heimbygda. Born i 1. – 4. klasse vil kunne nytte SFO-tilbod nær heimen og dette er ein fordel for foreldre i høve å levera og hente borna.

Skulen vil med dette alternativet kunne vera eit naturleg møtepunkt i bygdene med ulike aktivitetar og arrangement i regi av frivillige organisasjonar som idrettslag, musikklag og vellag.

Ved å oppretthalda ein skule med 1. – 4. årssteg vil bygda mogeleg vera attraktiv for busetjing og tilflytting. Ein vil òg redusera usikkerheit kring etterbruk av bygg/samfunnshus.

2.3.4. Skyss

Ved alternativ 1 vil elevar på 5. – 7. årstrinn frå Stanghelle og Vaksdal få skyss til skulen i tillegg til elevane som får skyss i alternativ 0. Dette gjeld òg for nokre få elevar ved Stamnes skule som ikkje har skyss i dag. Ved Stamnes skule har storparten av elevane skuleskyss i alternativ 0. Desse vil få lengre reisetid med alternativ 1. Det same gjeld elevar frå Eidslandet som ev. skal til Bergo eller Dale. Alternativ 1 fører til ein auka skysskostnad med 9,2 mill. for perioden (kr.0,58 mill. årleg) i forhold til alternativ 0.

Reisetida:

Stamnes - Dale	21 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal – Dale	20 minutt (Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle – Dale	7 minutt (Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet – Bergo	50 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet – Dale	44 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet – Stamnes	23 minutt (Rute 911, www.skyss.no)

Reisetidene er akseptable ut frå det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare la til grunn som akseptabel tid undervegs.

2.3.5. Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad

Alternativ 1 viser eit årleg innsparingspotensiale for drift av undervisning på kr. 5,9 mill. med effektår frå 2019 samanlikna med alternativ 0A/0B. Kostnadane for drift av undervisning er knytt til tal klassar inkludert delingstimar. Driftskostnadane er tufta på anbefalt FDV-nivå i eigedomsstrategien 2020 for Vaksdal kommune viser følgjande for alternativ 1 i forhold til alternativ 0A i tabellen under:

Alternativ 1	I dag - pr år	Auke opp til Alt. 0A pr år	Alt. 0A	Alt. 1	Endring	Endring pr år 2015-2030	Endring pr år 2019-2030
Undervisning inkl kjøp av skuleplassar	47,4	0,0	759,1	694,7	-64,4	-4,0	-5,9
Skyss	1,3	0,0	21,4	30,6	9,2	0,6	0,8
FDV-kostnader	7,1	7,3	229,2	196,8	-32,3	-2,0	-2,7
Kapitalkostnad	0,0	13,6	217,4	191,1	-26,3	-1,6	-2,2
Sum	55,8	20,9	1 227,1	1 113,2	-113,8	-7,1	-10,1

Dette alternativet vil ha mindre behov for delingstimar. Dette fordi det på 5. – 7- årstrinn vil vera 2 parallelle årstrinn og ingen samanslåtte årstrinn. På 1. – 4. trinn vil det ved Dale barne- og ungdomsskule, Stamnes skule og Stanghelle skule framleis vera behov for deling av grupper då det vil vera samanslåtte årstrinn på desse skulane. Vaksdal skule vil ikkje ha behov for deling på grunn av samanslåtte årstrinn. Elevane i Eidslandet krins vert overført til Eksingedalen skule og/eller Stamnes skule og Dale barne- og ungdomsskule utan at det fører til auka tal klassar ved desse skulane.

Kostnadar til FDV og investering i forhold til utbetnings- og/eller utbyggingsbehov for skulebygga er grundig greia ut i Skulebruksplan 2015 – 2030.

2.3.6. Mogelegheit for gjennomføring

Ved overføring av 5. – 7. årstrinn frå Stanghelle, Vaksdal og Stamnes vil det vera behov for utbygging/nybygg på Dale barne- og ungdomsskule på grunn av manglande arealkapasitet. Dale barne- og ungdomsskule har kapasitet til å ta imot 330 elevar slik den står i dag. I dette alternativet vil skulen ha behov for ein kapasitet til å ta imot mellom 340 og 390 elevar i perioden 2015 – 2030.

Det vil likevel vera mogeleg å gjennomføra delar av Alternativ 1 frå skuleåret 2016/2017. Eksingedalen skule, Stamnes skule og Dale barne- og ungdomsskule har kapasitet til å ta imot elevane frå Eidslandet krins frå skulestart 2016 utan at det løyser ut nye klassar/grupper. Dale barne- og ungdomsskule har òg plass til å ta imot 5. – 7. årssteg frå Stanghelle.

2.4. Alternativ 2 Tre skular – Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule

Alternativ 2 er basert på at elevar frå Stamnes skule og Stanghelle skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule. Skulane på Vaksdal og i Eksingedalen vert vidareført. Eidsland krins vert overført til Eksingedalen skule og/eller Dale barne- og ungdomsskule.

2.4.1. Tal elevar og klassar

I alternativ 2 vil tal grupper/klassar gå noko ned. Prognosen visar at reduksjonen varierer med ein nedgang på 1-4 grupper/klassar i perioden 2015 – 2030.

Tabellen under viser utrekna tal klassar ut frå elevprognosen og elevkapasitet (tal elevar skulen har fysisk plass til) ved den enkelte skule for utvalte år – alternativ 2:

Skule / skuleår	Elevar i skulen					Elev-kapasitet i skulebygg	Prognose tal grupper/klassar				
	2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031		2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031
Vaksdal	135	115	133	134	148	150	8	8	7	7	8
Stanghelle	75	0	0	0	0		5	0	0	0	0
Dale	215	389	366	352	361	330	11	19	18	16	17
Stamnes	38	0	0	0	0		3	0	0	0	0
Eksingedalen	9	18	18	22	19	30	2	2	2	2	2
Eidslandet	16	0	0	0	0		Mo skule	0	0	0	0
Totalt	488	522	517	508	528	510	29	29	27	25	27

2.4.2. Pedagogiske konsekvensar

Ved å samle elevane frå Stamnes, Stanghelle, Dale og ev. delar av Eidslandet krins til 1. – 7. årstrinn ved ein skule på Dale vil ein få både fleire elevar og lærarar samla på ein skule. Ein vil få større mogelegheit til å betra kvaliteten på ordinær undervisning, tilpassa opplæring, opplæring av språklege minoritetar og spesialundervisning. Dette vil gjera fagmiljøet meir fleksibelt og robust. Større grad av samarbeid, felles kompetanseutvikling og større breidde i fagkompetanse er positivt for personalet. I høve språklege minoritetar og elevar med særskilde behov vil det vera ein fordel å samla kompetansen på ein skule for å betra kvaliteten på undervisninga og oppfølginga av den enkelte elevane. Dette er sårbare elevgrupper som treng ekstra oppfølging.

Ved å samle elevar frå 1. -10. årssteg vil ein opna for mogelegheit til sambruk av spesialrom/ fagrom som naturfagsareal, kunst- og handverksareal mm. som er ein del av romnormen for ungdomsskular.

Å ha fleire elevar på same skule kan utvida det sosiale nettverk for elevane.

Vaksdal skule vil halde fram som i dag med eit elevtal som tilseier at det vil vera 7 – 8 klassar ved skulen. Fagmiljø kring minoritetspråklege elevar og elevar med særskilde behov vil kunne vera sårbart.

2.4.3. Samfunnsmessige konsekvensar

I dette alternativet vil det fortsatt vera eit skuletilbod på Vaksdal og Dale, medan Stamnes og Stanghelle misser sine skular i nærmiljøet. Det kan opplevast utrygt, særleg for dei minste borna, å måtte reise frå heimstaden for å gå på skule. SFO-tilbodet for elevar frå Stamnes, Stanghelle og ev. Eidslandet vil òg verta lagt til Dale. Dette kan gje større utfordringar for foreldre i høve å levera og hente borna.

Skulen vil med dette alternativet mogeleg ikkje vera naturleg møtepunkt i bygdene med ulike aktivitetar og arrangement i regi av frivillige organisasjonar som idrettslag, musikklag og vellag. Stanghelle og Stamnes kan verta mindre attraktive for busetjing og tilflytting og det kan verta usikkerheit kring etterbruk av skulebygga.

Ved å oppretthalda skulen på Vaksdal som i dag vil det ikkje gje nokon samfunnsmessige konsekvensar. Vaksdal vil mogeleg vera attraktiv for busetjing og tilflytting og ein redusera usikkerheit kring etterbruk av skulebygget.

2.4.4. Skyss

Ved alternativ 2 vil elevar på 1. – 7. årstrinn frå Stanghelle få skyss til skulen i tillegg til elevane som får skyss i alternativ 0. Dette gjeld òg for nokre få elevar ved Stamnes skule som ikkje har skyss i dag. Ved Stamnes skule har storparten av elevane skuleskyss i alternativ 0. Desse vil få lengre reisetid med alternativ 2. Det same gjeld elevar frå Eidslandet som ev. skal til Bergo eller Dale. Alternativet fører til ein auka skysskostnad med 9,2 mill. for perioden (kr.0,58 mill. årleg) i forhold til alternativ 0.

Reisetida:

Stamnes - Dale	21 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal – Dale	20 minutt (Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle – Dale	7 minutt (Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet – Bergo	50 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet – Dale	44 minutt (Rute 911, www.skyss.no)

Reisetidene er «akseptable» ut frå det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare la til grunn som akseptabel tid undervegs (reisetid+gangtid+ventetid ein veg: for 1.-3. klasse inntil 45 minutt / for 4.-6. klasse inntil 60 minutt / for 7.-9. klasse inntil 75 minutt).

2.4.5. Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad

Alternativ 2 viser eit årleg innsparingspotensiale for drift av undervisning på kr. 3,4 mill. med effektår frå 2019. Kostnadane for drift av undervisning er knytt til tal klassar inkludert delingstimar.

Dette alternativet vil utløyse 2 parallellar på 1. – 7. årstrinn på Dale barne- og ungdomsskule, samstundes som det er 1 parallell på 1. – 7. årstrinn på Vaksdal. Årleg innsparingspotensiale vil difor verte om lag som alternativ 1 når det gjeld undervisningsdrift. Det vil ikkje vera behov for timar til

deling av årstrinn som går saman. Elevane i Eidslandet krins vert overført til Eksingedalen skule og/eller Dale barne- og ungdomsskule utan at det fører til auka tal klassar ved desse skulane.

Alternativ 2	I dag - pr år	Auke opp til	Alt. 0A	Alt. 2	Endring	Endring pr år	Endring pr år
		Alt. 0A pr år				2015-2030	2019-2030
Undervisning inkl kjøp av skuleplassar	47,4	0,0	759,1	696,0	-63,1	-3,9	-5,8
Skyss	1,3	0,0	21,4	30,6	9,2	0,6	0,8
FDV-kostnader	7,1	7,3	229,2	161,3	-67,8	-4,2	-5,7
Kapitalkostnad	0,0	13,6	217,4	184,3	-33,1	-2,1	-2,8
Sum	55,8	20,9	1 227,1	1 072,2	-154,8	-9,7	-13,5

Kostnadar til FDV og investering i forhold til utbetnings- og/eller utbyggingsbehov for skulebygga er grundig greia ut i Skulebruksplan 2015 – 2030.

Driftskostnadar tufta på anbefalt FDV-nivå i eigdomsstrategien 2020 for Vaksdal kommune viser følgjande for alternativ 2 i forhold til alternativ 0A:

2.4.6. Mogelegheit for gjennomføring

Ved overføring av 1. – 7. årstrinn frå Stanghelle og Stamnes vil det vera behov for utbygging/nybygg på Dale barne- og ungdomsskule på grunn av manglande arealkapasitet. Dale barne- og ungdomsskule har kapasitet til å ta imot 330 elevar slik den står i dag. I dette alternativet vil skulen ha behov for ein kapasitet til å ta imot mellom 335 og 390 elevar i perioden 2015 – 2030.

Det vil vera mogeleg å gjennomføra delar av Alternativ 2 frå skuleåret 2016/2017.

Eksingedalen skule, Stamnes skule og Dale barne- og ungdomsskule har kapasitet til å ta imot elevane frå Eidslandet krins frå skulestart 2016 utan at det løyser ut nye klassar/grupper.

Dale barne- og ungdomsskule har òg plass til å ta imot 1. -7. årssteg frå Stanghelle.

2.5. Alternativ 3 1.-10. årssteg på Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule

Elevar frå Vaksdal, Stamnes og Stanghelle skular vert overført til Dale barne- og ungdomsskule. Eksingedalen vert vidareført som i dag. Eidslandet krins vert overført til Eksingedalen skule og/eller Dale barne- og ungdomsskule.

2.5.1. Tal elevar og grupper

Alternativ 3 viser ein vesentleg reduksjon i tal grupper frå effektåret 2019. Dette alternativet redusera flest grupper/klassar av dei fire alternativa. Reduksjonen varierer med ein nedgang på 6-7 grupper/klassar gjennom perioden 2015 – 2030.

Tabellen under viser utrekna tal klassar ut frå elevprognosen og elevkapasitet (tal elevar skulen har fysisk plass til) ved den enkelte skule for utvalte år – alternativ 3:

Skule / skuleår	Elevar i skulen					Elev-kapasitet i skulebygg	Prognose tal grupper/klassar				
	2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031		2016-2017	2020-2021	2024-2025	2028-2029	2030-2031
Vaksdal	135	0	0	0	0	150	8	0	0	0	0
Stanghelle	75	0	0	0	0	120-130	5	0	0	0	0
Dale	215	504	499	486	509	330	11	21	21	20	21
Stamnes	38	0	0	0	0	50-55	3	0	0	0	0
Eksingedalen	9	18	18	22	19	30	2	2	2	2	2
Eidslandet	16	0	0	0	0		Mo skule	0	0	0	0
Totalt	488	522	517	508	528	680 - 695	29	23	23	22	23

2.5.2. Pedagogiske konsekvensar

Ved å samle elevane frå Vaksdal, Stanghelle, Stamnes, Dale og Eidslandet frå 1. – 7. årstrinn ved ein skule på Dale vil ein få større mogelegheit til å betra kvaliteten på ordinær undervisning, tilpassa opplæring, opplæring av språklege minoritetar og spesialundervisning. Fleire elevar på ein skule vil føre til fleire lærarar på skulen. Dette vil gjera fagmiljøet meir fleksibelt og robust. Større grad av samarbeid, felles kompetanseutvikling og større breidde i fagkompetanse er positivt for personalet. I høve språklege minoritetar og elevar med særskilde behov vil det vera ein fordel å samla kompetansen på ein skule for å betra kvaliteten på undervisninga og oppfølginga av den enkelte elevane. Dette er sårbar elevgruppe som treng ekstra oppfølging.

Ved å samle elevar frå 1. -10. årssteg vil ein opna for mogelegheit til sambruk av spesialrom/ fagrom som naturfagsareal, kunst- og handverksareal mm. som er ein del av romnormen for ungdomsskular. Blant anna PPT vil òg vera naturleg og riktig å knytte til ein felles skule for alle elevane og dei kan vera tettare på og bidra med sin kompetanse i læringsmiljøet.

Å ha fleire elevar på same skule kan utvida det sosiale nettverk for elevane.

2.5.3. Samfunnsmessige konsekvensar

I dette alternativet vil Vaksdal, Stanghelle og Stamnes misse sine skular i nærmiljøet og då den naturlege møtestaden i bygda. Det kan opplevast utrygt, særleg for dei minste borna, å måtte reise frå heimstaden for å gå på skule. SFO-tilbodet for elevar frå Vaksdal, Stamnes, Stanghelle og Eidslandet vil òg verta lagt til Dale. Dette kan gje større utfordringar for foreldre i høve å levera og hente borna.

Skulen vil med dette alternativet mogeleg ikkje vera naturleg møtepunkt i bygdene med ulike aktivitetar og arrangement i regi av frivillige organisasjonar som idrettslag, musikklag og vellag. Vaksdal, Stanghelle og Stamnes kan verta mindre attraktive for busetjing og tilflytting og det kan verta usikkerheit kring etterbruk av skulebygga.

2.5.4. Skyss

Ved alternativ 3 vil elevar på 1. – 7. årstrinn frå Vaksdal og Stanghelle få skyss til skulen i tillegg til elevane som får skyss i alternativ 0. Dette gjeld òg for nokre få elevar ved Stamnes skule som ikkje har skyss i dag. Ved Stamnes skule har storparten av elevane skuleskyss i alternativ 0. Desse vil få lengre reisetid med alternativ 3. Det same gjeld elevar frå Eidslandet som ev. skal til Bergo eller Dale. Alternativet fører til ein auka skysskostnad med kr. 18,8 mill. for perioden (kr.1,18 mill. årleg) i forhold til alternativ 0.

Reisetida:

Stamnes - Dale	21 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Vaksdal – Dale	20 minutt (Rute 900, www.skyss.no)
Stanghelle – Dale	7 minutt (Rute 950, www.skyss.no)
Eidslandet – Bergo	50 minutt (Rute 911, www.skyss.no)
Eidslandet – Dale	44 minutt (Rute 911, www.skyss.no)

Reisetidene er akseptable ut frå det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare la til grunn som akseptabel tid undervegs

2.5.5. Økonomiske konsekvensar for drift av undervisning, FDV og investeringar med gevinst eller meirkostnad

Alternativ 3 viser eit årleg innsparingspotensiale for drift av undervisning på kr. 11,8 mill. med effektår frå 2019. Kostnadane for drift av undervisning er knytt til tal klassar inkludert delingstimar. Driftskostnadar er tufta på anbefalt FDV-nivå i eigdomsstrategien 2020 for Vaksdal kommune.

Alternativ 3	I dag - pr år	Auke opp til Alt. 0A pr år	Alt. 0A	Alt. 3	Endring	Endring pr år 2015-2030	Endring pr år 2019-2030
Undervisning inkl kjøp av skuleplassar	47,4	0,0	759,1	624,7	-134,4	-8,4	-11,8
Skyss	1,3	0,0	21,4	40,2	18,8	1,2	1,6
FDV-kostnader	7,1	7,3	229,2	153,0	-76,2	-4,8	-6,3
Kapitalkostnad	0,0	13,6	217,4	181,1	-36,3	-2,3	-3,0
Sum	55,8	20,9	1 227,1	999,0	-228,1	-14,3	-19,6

Alternativ 3 har ikkje behov for delingstimar i forhold til samanslåtte årstrinn, for utanom Eksingedalen skule. 1. – 7. årstrinn vil ha to klassar på kvart årstrinn. Elevane i Eidslandet krins vert

overført til Eksingedalen skule og/eller Dale barne- og ungdomsskule utan at det fører til auka tal klassar ved desse skulane

Kostnadar til FDV og investering i forhold til utbetnings- og/eller utbyggingsbehov for skulebygga er grundig greia ut i Skulebruksplan 2015 – 2030.

2.5.6. Mogelegheit for gjennomføring

Ved overføring av 1. – 7. årstrinn frå Stanghelle, Stamnes og Vaksdal til Dale barne- og ungdomsskule vil det vera behov for utbygging/nybygg på Dale barne- og ungdomsskule på grunn av manglande arealkapasitet. Det vil verta om lag 500 elevar ved skulen og den har slik den står i dag plass til 330 elevar. Ved rask oppstart av ny skule vil ein klara sannsynlegvis klara å overføra elevane til Dale barne- og ungdomsskule innan 2019.

Det vil likevel vera mogeleg å gjennomføra delar av Alternativ 1 frå skuleåret 2016/2017.

Eksingedalen skule, Stamnes skule og Dale barne- og ungdomsskule har kapasitet til å ta imot elevane frå Eidslandet krins frå skulestart 2016 utan at det løyser ut nye klassar/grupper.

Dale barne- og ungdomsskule har òg plass til å ta imot 1. -7. årssteg frå Stanghelle.

3. Avsluttande betraktningar

Dei ulike alternativa som er sett søkjelyset på og drøfta skal danna grunnlaget for det valet som vert gjort for kommunen sin framtidige skulestruktur. Viktige stikkord her er at det valet som vert tatt må gje kommunen ein robust og føreseieleg struktur for mange år framover. Det er viktig for elevane, tilsette og lokalsamfunna at debatten omkring skulestruktur ikkje kjem opp igjen om kort tid. Det er krevjande prosessar og ein føreseieleg skulekvardag er viktig for alle partar.

Eit anna viktig element er tidsperspektivet for gjennomføring av ny skulestruktur. I dei ulike alternativa er det peika på at det kan gjennomførast noko endringar i struktur med verknad frå skuleåret 2016/2017. Det er likevel viktig at denne type endringsprosessar må planleggjast godt, slik at ein sikra at endringane vert opplevd så god og trygt som mogeleg både for elevar, tilsette og foreldre/føresette. Dette for at eventuelle endringar i skulestrukturen ikkje skal føra til unødige belastningar for elevane, samt at prosessen med endring av skulestruktur ikkje vert ein del av eit kortsiktig budsjettvedtak. Det kan stillast spørsmål om det er realistisk å gjennomføra strukturendringar med ei så kort tidsramme som det er gjort greie for i nokre av alternativa. Kva som er eit langt nok tidsperspektiv vil kunne diskuterast, og det er difor viktig i høyringsrunden å få innspel på dette.

Viss det vert vedteke endringar i skulestrukturen som skildra i alternativ 1, 2 eller 3 er det behov for utbygging eller nybygg på Dale barne og ungdomsskule for å auka elevkapasiteten. Eit eventuelt nybygg vil kunne by på fleire positive verknadar om ein tenkjer heilskapleg rundt eit skulebygg. Her vil ein kunna bygga kultursal, bibliotek, ungdomsklubb, fasilitetar til blant anna skulehelseteneste og PPT.

Skulebruksplanen 2015 – 2030, kapittel 4, inneheld skildring av sentrale moment i vurderinga av lokal skulestruktur med blant anna pedagogisk og organisatorisk fokus, bygningsmessig fokus og nærmiljø- og folkehelsefokus. Desse momenta er viktige å ta med seg inn i debatten om skulestruktur.